



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

26.05.2026

Vår ref:

2026/2409

Dykkar dato:

30.01.2026

Dykkar ref:

202209809

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT  
(NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

## Fråsegn - revisjonsdokument for reguleringa av Lærdalsvassdraget - Lærdal kommune

**Lærdalsreguleringa produserer mykje klimavenleg energi og har stor samfunnsnytte, men har negative konsekvensar for mellom anna naturmiljø og friluftsliv. Konesjonen blei gitt på ei tid då natur og friluftsliv blei tillagt mindre vekt enn i dag, og revisjonen skal bringe konsesjonsvilkåra meir i tråd med dagens miljøstandard.**

**Statsforvaltaren har vurdert tema innan våre ansvarsområde. Vi meiner villreintiltak som er foreslått i konsekvensutgreiinga, og som er prioriterte i tiltaksplanen for Nordfjella villreinområde, må prioriterast høgt i revisjonen. Det bør altså gjennomførast tiltak som kan redusere negative reguleringseffektar og betre tilhøva for villreinen. Her er det heilt sentralt å kunne opne opp att gamle trekkruiter som blei avstengt av reguleringane. Vi foreslår òg at det blir oppretta eit villreinfond etter same modell som i nye revisjonsvedtak for andre reguleringsområde. Mangelfullt kunnskapsgrunnlag generelt om vasstilknytt naturmangfald, særleg i dei høgareliggjande delane av vassdraget, tilseier at det bør gjennomførast nye kartleggingar etter gjeldande metodikk.**

Vi viser til høyringa av revisjonsdokumentet for reguleringa av Lærdalsvassdraget.

### Bakgrunn

Østfold Energi AS har utarbeidd eit revisjonsdokument på bakgrunn av innkomne krav frå Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell, Villreikutvalet for Nordfjella, Lærdal Elveeigarlag og Lærdal kommune, og føringar frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE). Dokumentet skal omtale ulemper ved utbygginga som er kjent for selskapet, og skal saman med innkomne høyringsfråsegner gi grunnlag for reviderte vilkår.

I St. meld. 14 (2015-2016) s. 95 er revisjon av vasskraftkonsesjonar omtalt som «et virkemiddel for å modernisere konsesjonsvilkårene og forbedre miljøforholdene i regulerte vassdrag og bringe dem mer i tråd med dagens miljøstandarder.» Det eksisterande kraftanlegget med konsesjonsgitte vilkår skal vurderast opp mot anlegget med føreslegne nye avbøtande tiltak. Aktuelle tiltak kan vere slepp av minstevassføring/miljøtilpassa vassføring og restriksjonar for fylling av vassmagasin innan de

E-postadresse:  
[svfpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvpost@statsforvalteren.no)  
Sikker melding:  
[www.statsforvalteren.no/melding](http://www.statsforvalteren.no/melding)

Postadresse:  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Besøksadresse:  
Njøsavegen 2, Leikanger  
Solheimsgaten 13, Bergen  
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00  
[www.statsforvalteren.no/vi](http://www.statsforvalteren.no/vi)  
Org.nr. 974 760 665



konsesjonsfastsette reguleringsgrensene. Det vil i tillegg bli innført moderne standardvilkår, som gir heimelsgrunnlag til å kunne påleggje tiltak som fremjar naturmangfald og ulike brukarinteresser.

### Vår vurdering

Statsforvaltaren skal vurdere tema som ligg til vårt ansvarsområde. Dette omfattar mellom anna villrein og anna naturmangfald, unntatt anadrome laksefisk, som Miljødirektoratet har ansvar for etter arbeidsdelinga i miljøforvaltninga. Utsettingar av innlandsaure i reguleringsmagasina, eller habitattiltak for å betre gytetilhøve i tillausbekkar til magasina, blir handtert etter gjeldande heimlar og er ikkje så relevant i revisjonssaka.

### Villrein

Reguleringsområdet inngår i Nordfjella villreinområde, som er eit nasjonalt villreinområde. Villreinen er ein nasjonal ansvarsart med eigen kvalitetsnorm etter naturmangfaldlova § 13, og er raudlista i kategori «nær truga». Det er mange trugsmål mot villreinen, mellom anna habitatfragmentering, auka ferdsel, hyttebygging, og i stor grad kraftutbygging.

Negativ bestandsutvikling er bakgrunnen for at det relativt nyleg blei lagt fram ei eiga stortingsmelding om villrein, Meld. St. 18 (2023–2024) *Ein forbetra tilstand for villrein*. Meldinga omtalar historisk utvikling, utfordringar i dag, og kva som er regjeringas konkrete mål for villreinen. Meldinga fremjar vidare ny politikk for å nå tilstandsmåla for villreinen, innanfor fem satsingsområde:

- 1) Heilskapleg og restriktiv arealforvaltning i villreinfjellet
- 2) Auka tilrettelegging av villreinvenleg ferdsel
- 3) Betre villreinhelse
- 4) Meir berekraftig bestandsforvaltning av villrein
- 5) Målretta restaurering av villreinens leveområde

Tiltak og bruk av verkemiddel skal vere effektive og målretta. Tiltaksplan for Nordfjella villreinområde ligg per no til handsaming i Klima- og miljødepartementet. Her ligg det inne ei rekkje konkrete tiltak, mellom anna om å regulere/reduere samla aktivitet i kjende flaskehalsar som hindrar funksjonelle trekkpassasjar.

For Nordfjella er det den samla belastninga som er det største trugsmålet mot villreinen sitt levevis. Det er ikkje berre kraftutbygginga, men heile spekteret av aktivitet i området som kan påverke villreinen negativt. Det er dermed mange aktørar som må bidra i lag for å styrke villreinbestanden.


Felles for mange av dei gamle trekkvegane i Nordfjella er at både fv50 og kraftutbygging dannar vandringsbarrierar. Magasin har demma ned trekkruter, og reinen sin tilgang til delar av leveområdet er vesentleg redusert. Dei trekka som er att er med det blitt særskilt viktige. Her kan anleggsvegar og sti-/løypenett for turistar utgjere nye utfordringar.

I revisjonssaka er det utarbeidd ein eigen villreinrapport om reguleringsområdet, og eit teknisk notat med kostnadskalkyle for landbru over Harbakkspanget på Kvevotni. Dette tiltaket samsvarar med tiltakspakke C i Statsforvaltaren sitt framlegg til tiltaksplan for Nordfjella. Det historiske trekket her er godt dokumentert, og reguleringa har skapt ei barriere som i stor grad har endra trekkmønsteret. Kvevatnet ligg sentralt i villreinområdet sin nordlege del (sone 1) og områda omkring har ein høg arealbruk av villrein. Dette området er fredeleg, mest utan andre tekniske inngrep enn kraftutbygginga, og det er eit lågt nivå av menneskeleg ferdsle gjennom året.

Oppdemminga av Kvevassmagasinet har redusert trekkmoglegheitene, særleg aust-vest. Kvavassmagasinet er peika ut som fokusområde NF08, som er eit fokusområde for funksjonelle



trekkpassasjar. Areala er framleis i bruk, sidan villrein har tilkomst frå andre trekk, men inngrepet har ført til endra trekkmonster, og dårlegare utnytting av nærområda til magasinet, både på aust- og vestsida av magasinet. Dette er illustrert gjennom influensområdet til det nemnde fokusområdet (figur 1). Arealbruken på nord-vestsida er påverka mest. Trekket er redusert med over 90% i barmarksesongen. Vi viser elles til høyringsfråsegna til villreinnemnda.



Figur 1 Kartutsnitt henta frå karthistorie på villrein.no, som viser fokusområda Kvevassmagasinet og Gravidalen, med felles influensområde på både aust- og vestsida.

Landbru over Hardbakkespranget er vurdert i rapporten til å ha *middels positiv* konsekvens. I tiltaksplanen for Nordfjella villreinområde er tiltaket antatt å ha ein høg kostnad, grovt vurdert til 20 – 30 MNOK, eksklusive moglege vegutbetringar og produksjonstap. I kostnadskalkylen til regulanten er prosjektkonstanden estimert til 140 MNOK, inkludert eit produksjonstap på 40 MNOK. Etablering av viltpassasje vest for Flågrunnslytta er òg omtalt som eit godt tiltak, som òg vil auke fleksibiliteten for villreinen, og er vurdert til å få *noe/middels positiv* konsekvens.

Det er òg foreslått å tilretteleggje for trekk over den kanaliserte elva nedstraums Dyrkollvatnet som i dag utgjer ei vandringsbarriere. Dette vil vere eit viktig tiltak som bør kunne vere enkelt å gjennomføre. Det er òg viktig å oppretthalde dagens bomregime på anleggsvegane, for å avgrense ferdsele inn i dei sårbare villreinområda.

Vi føreset at tiltak foreslått i villreinrapporten, og som er prioritert i tiltaksplanen, blir vurdert på eit godt kunnskapsgrunnlag. Vi har ikkje kompetanse til å gå inn i dei tekniske og økonomiske analysane, men det reknar vi med at vil bli grundig vurdert i den vidare prosessen. Vi vil understreke at villreintiltak som kan betre trekkrutene vil ha stor samfunnsverdi, og at dagens miljøstandard tilseier at det må ha høg prioritet å opne opp att vesentlege vandringsvegane som er øydelagt av kraftutbygging. Kostnaden vil kunne fordelast over mange konsesjonsår med viktig samfunnsnyttig energiproduksjon og stor økonomisk avkastning.

Etter vassdragsreguleringsloven § 17 kan det setjast vilkår om at konsesjonæren yter tilskot til eit fond som skal fremje blant anna fisk, vilt og friluftsliv i kommunen. Tilskotet kan enten skje ved betaling av eit passende eingongsbeløp eller ved årlege utbetalingar. Statsforvaltaren meiner at det i denne saka er nødvendig at det blir oppretta eit villreinfond som kan nyttast til å finansiere nødvendige utreiingar og gjennomføring av prioriterte avbøtande tiltak i heile villreinområdet. Eit slikt fond bør innrettast slik at andre aktørar, inkludert andre regulantar som påverkar villreinen innan området, kan bidra inn til fondet. Vi viser her til modellen i revisjonsvedtaket for Aurareguleringane, i kgl.res. 23.6.2021. I ettertid er det òg pålagt ein annan konsesjonær å avsette



midlar til eit villreinfond i Nordfjella, som del av nye konsesjonsvilkår. Dette gjeld Hemsilvassdraget, Holsvassdraget og Uste- Hallingdalsvassdraget.

### **Anna viktig naturmangfald**

Naturmangfaldet er svært kort omtalt i revisjonsdokumentet, og det ser ikkje ut til å vere undersøkt eller vurdert om andre artar enn fisk og villrein kan vere påverka av reguleringa. Nedslagsfelt, og særleg dei høgareliggjande delane, må karakteriserast som dårleg kartlagde, og opplysningane i Naturbasen som svært mangelfulle. Dette er truleg årsaka til at det ikkje er registrert fossesprøytoner eller bekkekløfter som er påverka av reguleringa.

Vil føreset at Artskart blir sjekka for eventuelle raudlisteartar som er avhengig av fukt frå vassdraget, og at det blir vurdert nærare om viktig naturmiljø kan vere påverka av reguleringa, og eventuelt bør vektleggjast når det skal fastsetjast nytt manøvreringsreglement.

### **Landskap og friluftsliv**

Reguleringsområdet og dei tilgrensande fjellområda omfattar fleire viktige/svært viktige friluftsområde. Eventuelle krav om tilretteleggingstiltak for turar og friluftsliv, for å avbøte skade frå utbygginga, vil kunne handterast gjennom nye standard konsesjonsvilkår. Det vil vere naturleg at lag/organisasjonar som representerer brukarane, og som har kunnskap om tilhøva og kan sette problemstillingar på dagsordenen, eventuelt tek initiativ til dette. Vi har erfart at ein del behov for tilrettelegging/avbøting blir ordna gjennom dialog mellom lokale/regionale lag og konsesjonæren, altså utan å gå vegen om Statsforvaltaren og eventuelt til påleggsvedtak frå Miljødirektoratet. Tiltak som opnar for auka ferdsel i sårbare villreinområde må vurderast opp mot tiltaksplanen for villreinen.

### **Landbruk**

Landbruk langs Lærdalsvassdraget er kort omtalt i revisjonsdokumentet. Elva er viktig for å sikre vatningsvatn til landbruksareala, som igjen bidreg med avrenning til elva.

Med vanleg forsvarleg jordbruksdrift vil det alltid vere ei viss avrenning av næringsstoff til vassdraga, og det er viktig at dei som driv med jordbruk følgjer regelverket for gjødselhandtering. Skal vasskvaliteten betrast, må alle gjere ein innsats på sitt område. Eventuelle auka vassføringslepp i regulerte elvar, vil utvilsamt vere positivt for resipientkapasiteten.

Anleggsvegar tilhøyrande kraftanlegget kan vere positive for beitenæringa, med tanke på tilsyn og slepp av dyr. Vassdragsregulering kan ha påverka gjerdeeffekten i fjellområda, men vi reknar med at dette har vore vurdert og er kompensert i skjønnet etter utbygginga.

### **O/U-prosjekt**

Ifølgje retningslinjene frå Energidepartementet er det relevant å vurdere opprusting og utviding (O/U) av eksisterande vasskraftprosjekt i samanheng med ein reguleringsrevisjon. I revisjonsdokumentet for Lærdalsvassdraget er det grovt omtalt fire moglege O/U-prosjekt i reguleringsområdet.

Vi oppfattar dei omtalte prosjekta som førebelse, og framleis til vurdering internt hos regulanten. Vi vil allereie no åtvare mot å nytte Finnebuvatnet i eit slikt O/U-prosjekt, då området kring vatnet er svært sårbart, og viktig for villreinen. Viktigaste bruk for villreinen i dette område er om våren, då det ligg innanfor viktig kalvings- og oppvekstområde. Ein eventuell konsesjonssøknad må utgreiast i tråd med gjeldande metodikkkrav.



Med helsing

Eline Orheim  
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Lærdal kommune

Vestland fylkeskommune

Miljødirektoratet

Statsforvalteren i Innlandet

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og  
Raudafjell

Øyraplassen 7

Postboks 7900

Postboks 5672

Torgarden

Postboks 987

6887 LÆRDAL

5020 BERGEN

7485 TRONDHEIM

2604 LILLEHAMMER